

MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 24.05.2016
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærmere innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 10.05.16

Idar Tarberg
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 28/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 29/16	Protokoll frå førre møte.
PS 30/16	Delegerte saker
PS 31/16	Ny slamforskrift
PS 32/16	Prosjekt 61604 - Ny hovudbrannstasjon og driftsbase - byggeprogram
PS 33/16	Søknad om konsesjon frå Kjelsund as på erverv av 44/25
PS 34/16	Søknad frå Lene-Kristin Tjervåg Wilson om bygging av ridebane på gnr. 53 bnr. 31

Delegerete saker frå avdelingane

- DS 114/16 Ferdigattest garasjedel - 83/80
- DS 115/16 Jan Petter Osnes - 31/86 - Garasje
- DS 116/16 Ferdigattest tilbygg 26/100
- DS 117/16 Marte Susann Remøy 38/227 seksjon 1 - Løyve til tiltak
- DS 118/16 Skotholmen as - 11/162 - Riving av bygg
- DS 119/16 Mellombels bruksløyve -34/244 - 1 og 3 etg.
- DS 120/16 Fosnavåg Butikkeidom as - 38/2 m fl - IG heile tiltaket
- DS 121/16 Ferdigattest Heid tursti del 1
- DS 122/16 Hjalmar Frøystad - 20/32+97 - Garasje
- DS 123/16 Jan Truelsen - 60/32 - riving av bygg
- DS 124/16 Anja Bendal - 29/300 - carport/terrasse
- DS 125/16 Rose-Marie Kvalsund og Jan Erik Myrseth 29/349 - Mellombels bruksløyve
- DS 126/16 Ferdigattest - molo 25/77
- DS 127/16 Glenn Huldal - 34/358 - Tilbygg
- DS 128/16 Radoslaw Uszynsici - 60/110 - Tilbygg
- DS 129/16 Johanna Runde og Kjetil Olsen 9/118 - Ferdigattest
- DS 130/16 Jarle Berge og Vidar Furesund - 29/12 og 353 - Endra plassering av bygg
- DS 131/16 Jarle Berge og Vidar Flusund - 29/12 - Endring ansvarsrett

PS 28/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 29/16 Protokoll frå førre møte.

PS 30/16 Delegerte saker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1222
		Arkiv:	M42

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
31/16	Maritim og teknisk komite	24.05.2016
92/16	Formannskapet	10.05.2016
	Kommunestyret	25.05.2016

NY SLAMFORSKRIFT

Tilråding:

Herøy kommune går inn for at dagens ordning med at SSR står for innhenting av anbod og gjennomføring av slamtøminga på vegne av medlemskommunane vert vidareført.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik
- Utviklingsavdelinga, her

Vedlegg:

1. Kopi av MTK-sak 81/15 av 22.09.2015 med vedlegg – Ny slamforskrift - utlegging til offentleg ettersyn
2. Kopi av sak R04/16 av 09.03.2016 fra SSR – Status og vidare framdrift vedr. slamtøming
3. Kopi av e-post av 01.04.2016 fra SSR vedk. vedtak i R-sak 04/16 og vedlagt justert slamforskrift(endring av §5)
4. Kopi av saksutgreiing og tilråding frå Sande kommune vedk. ny slamforskrift
5. Kopi av brev frå Fylkesmannen av 25.11.2015 vedk. Rettleiing på temaet «oppheyr av interkommunalt samarbeid»

Bakgrunn

Representantskapet i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk (SSR) har sendt framlegg til ny slamforskrift til eigarkommunane for handsaming, jf. vedlagde møtebok og vedtak frå møte 12.05.2015, sak R 10/15.

Fram til no har dei einskilde medlemskommunane i SSR hatt eigne slamforskrifter. Framlegget frå SSR inneber at medlemskommunane får ei felles slamforskrift der SSR får ansvaret for organisering og gjennomføring av tenesta inkludert innkrevjing av gebyr. Dvs. at SSR får delegert alt arbeid i samband med tøming av private tankar. Kommunen vil då sitje igjen med den administrative og lovmessige oppfølging av tenesta inkludert pålagt kontroll av private avlaupsanlegg.

Ordninga med tvungen slamtøming av private slamavskiljarar/septiktankar vart oppstarta i Herøy kommune i 1999. Dei første åra hadde kommunen eigen kontrakt med slamentreprenør. Seinare vart det bestemt at SSR skulle ha det overordna ansvaret for anbodsinnhenting og stå som kontraktspart på vegne av kommunane i SSR-området. Slamtøminga går såleis i dag føre seg i både kommunal og SSR regi. SSR ønskjer enten å ha ansvaret for heile tenesta eller at heile ansvaret vert tilbakeført til kommunane.


Denne saka gjeld godkjenning av forslag frå SSR til felles slamforskrifta for eigarkommunane.

Saksopplysningar

Etter vedtak i Maritim og teknisk komite i MTK-sak 81/15 av 22.09.2015 (sjå vedlegg) har saka vore ute til offentleg ettersyn frå 30.09.2015 til og med 29.10.2015. Det har ikkje kome merknader til saka.

SSR er eit interkommunalt selskap og det er eigarkommunane som fastset kva oppgåver/oppdrag SSR skal utføre. Hovudoppgåva til SSR er administrering og gjennomføring av felles avfallsordninga for eigarkommunane. For nokre år sidan fikk SSR i oppdrag å innhente anbod på slamtøming for alle kommunane og å stå for den praktiske kontakten med slamentreprenør og gjennomføring av slamtøminga. Kommunane sjølv har stått for føring av abonnementsregister og innkrevjing av gebyr m.m. Dvs. ansvaret for slamtømingsordninga er delt mellom SSR og kommunane jfr. Figur under

Figur 1:



Figur 1 gir ei skjematiske oversikt over gjeldande organisering av verdikjeden i høve til slam.

Kommunen skal følgje opp ansvaret for at alle eigedomar skal ha ei godkjent avlaupsløsing. I framlegget til forskrift har ein ikkje teke føre seg korleis kommunane skal løyse og finansiere kontrolltiltak som skal sikre at forurensingsforskrifta sine kapittel 11 – 16 eller vedtak heimla i desse forskriftene vert følgt. Ein ser det som vanskeleg å ha eit eige gebyr i tillegg til slamgebyret. Kostnaden med ei kontrollordning bør etter administrasjonen sitt syn vere inkludert i slamgebyret.

Det vert vist til sakutgreiinga til MTK-sak 81/15 av 22.09.2015 og då spesielt det som er skrive under vurderingar og konklusjon vedkomande lovpålagde kontrolltiltak etter forureiningsforskrifta og utarbeiding av hovudavtale slik det framgår av saksutgreiinga til SSR.

Statusen i medlemskommunane i handsaminga av saka om felles slamforskrift er slik:

- *Ulstein: Vedtatt*
- *Hareid: Saka utsett. Føresetnad i saksutgreiinga at alle kommunane i SSR-området blir med på ordninga. Ikke føresetnad i forslaget til vedtak.*
- *Sande: Ordnar slamtøminga på eigen hand. Er då ute av slamsamarbeidet. Sjå vedlagt kopi av saksutgreiing og tilråding.*

Med bakgrunn i dette gjorde representantskapet i SSR følgjande vedtak i sak R04/16. Sitat:

- «1) Representantskapet ber styret gjennomgå og endre § 5 i forslaget til slamforskrift, og endre denne til lokale tilhøve. Deretter må det nye forslaget sendast så snart som muleg til kommunane for ny behandling der.
- 2) Under føresetnad av at 3 av dei 4 eigarkommunane vedtar slamforskrifta innan kort tid, legg SSR slamtøminga ut på anbod igjen i regi av SSR.»

Framdrift:

Gjeldande slamtømingsavtale som SSR har med slamentreprenør går ut 31.12.2016. Herøy kommune skal ha full tømerunde av private slamavskiljarar i 2016. Neste tømerunde etter det skal då vere i 2018. Dvs. at Herøy kommune i 2017 berre vil ha behov for ein avtale om nødtømingar og töming av nokre kommunale anlegg. Herøy kommune har såleis ikkje lita tid med å få på plass ein ny slamtømingsavtale.

Lovpålagde kontrolltiltak med slamavskiljarar:

Ingen av kommunane i regionen har innført lovpålagde kontrolltiltak med slamavskiljarar. Med bakgrunn i dette har ei arbeidsgruppe samansett av representantar frå ulike kommunar i regionen utarbeidd eit utkast til forskrift vedkomande lovpålagde kontrolltiltak, men arbeidet er ikkje fullført. Ei slik kontrollordning må innførast og ein føreset at ordninga vert finansiert av abonnementane gjennom slamtømingsgebyret.

Økonomi:

Slamtømingsordninga i Herøy er i dag med på å delfinansiere stillingar samt ymse driftskostnadar knytt til programvare, IKT og rekneskap med om lag 230.000 kroner pr. år. Ved overføring av tenesta til SSR må kostnaden dekkast inn av andre tenester eller ein må vurdere nedbemanning då arbeidsoppgåver fell bort .

Vurderingar og konklusjon

Slik administrasjonen ser det har dagens ordning fungert godt. Dersom ein skulle gjere endring i forhold til dagens ordning bør ei ny ordning omfatte alle oppgåver som er knytt til slamtømingsordninga. Dvs. også lovpålagde kontroll- og tilsynsoppgåver.

Administrasjonen er likevel klar på at ein bør ha ein viss kompetanse innan VA(vatn og avlaup) . Sande fokuserer på dette i si saksutgreiing og ein deler i store trekk vurderingane som Sande har gjort i saka. Kompetansen ein har innan fagfeltet kan på sikt lett bli «utarma» dersom ein plukkar ut deltenester som t.d. slamtøming.

Antal slamtømingsfirma som kan vere aktuelle for å delta i ein konkurranse er svært avgrensa jfr. opplysningar frå SSR i si saksutgreiing. Ein kan risikere at det er berre er eit firma som gir inn pris. Dvs. at det ikkje er tale om nokon konkurranse, men reint monopol. Betraktingane som SSR gjer seg om å etablere «eigne» slamselskap kan fort verte ein realitet dersom det vert få leverandørar til å utføre slamtenesta.

Administrasjonen delar ikkje SSR sitt syn om at arbeidsfordelinga slik det er organisert i dag «har vore forvirrande for alle partar – ikkje minst for abonnentane». Slik kommunen vurderer dette har dette vore lite problematisk og ein kan ikkje sjå at det skal vere nemneverdige ulemper med å vidareføre dagens ordning.

Med bakgrunn i saksutgreiinga og vurderingane ovanfor og etter ei samla vurdering elles vil rådmannen tilrå at:

Herøy kommune går inn for at dagens ordning, der SSR står for innhenting av anbod og gjennomføring av slamtøminga på vegne av medlemskommunane, vert vidareført.

Dersom SSR ikkje ønskjer å vidareføre dagens ordning må kommunen nytte eigen innkjøpskompetanse i samarbeid med innkjøpssamarbeidet ein har med Ålesund kommune til å innhente anbod på utføring av slamtenester.

Fosnavåg, 07.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Saksnr 2015/1222	Arkiv M42	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar DOK / BRB	Dato 24.09.2015
---------------------	--------------	------------	---------------------------------	--------------------

MTK-SAK 81/15. NY SLAMFORSKRIFT - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Vedlagt fylgjer MTK-sak 81/15.

Maritim og teknisk komite gjorde i møte 22.09.2015 slikt vedtak i saka:

I medhald av § 37 i forvaltningslova legg Maritim og teknisk komite ut til offentleg ettersyn framlegg til ny slamforskrift i samsvar med vedtaket i representantskapet til SSR i sak R10/15, 12. mai 2015.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Kopi:
Anleggs- og driftsavdelinga, her





Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2015/1222
		Arkiv:	M42

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
81/15	MTK	22.09.2015

NY SLAMFORSKRIFT - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

I medhald av § 37 i forvaltningslova legg Maritim og teknisk komite ut til offentleg ettersyn framlegg til ny slamforskrift i samsvar med vedtaket i representantskapet til SSR i sak R10/15, 12. mai 2015.

Møtebehandling:

Fred Arnesen, anleggs- og driftsavdelinga møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 22.09.2015

I medhald av § 37 i forvaltningslova legg Maritim og teknisk komite ut til offentleg ettersyn framlegg til ny slamforskrift i samsvar med vedtaket i representantskapet til SSR i sak R10/15, 12. mai 2015.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Reinhalsverk IKS, Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik

Vedlegg:

- Framlegg til ny slamforskrift – sak nr. R10/15 av 12.05.2015 frå Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Bakgrunn:

Ordninga med tvungen slamtøming av private slamavskiljarar/septiktankar vart oppstarta i Herøy kommune i 1999. Dei første åra hadde kommunen eigen kontrakt med slamentreprenør. Seinare vart det bestemt at SSR skulle ha det overordna ansvaret for anbodsinnhenting og stå som kontraktspart på vegne av kommunane i SSR-området. Slamtøminga går såleis i dag føre seg i både kommunal og SSR regi. SSR ønskjer enten å ha ansvaret for heile tenesta eller at heile ansvaret vert tilbakeført til kommunane.

Saka gjeld utlegging til offentleg ettersyn av framlegg til ny slamforskrift vedteken i representantskapen i SSR i sak R10/15, 12. mai 2015 vedkomande tøming av private slamavskiljarar. Framlegget innber at SSR overtek alt ansvar for organisering og gjennomføring av tenesta inkludert innkrevjing av gebyr.

Saksopplysningar:

Abonnementsregister, fakturering og andre henvendingar har gått direkte gjennom kommunen. Slamtøminga er ein del av dei sjølvfinansierande tenestene som skal fullfinansierast gjennom gebyrinnkrevjing. Til no har entreprenøren fakturert SSR som vidarefakturerer med eit påslag til kommunane. Kommunane igjen fakturerer abonnementane med privat avløpsanlegg med sine påslag. Ved ei overføring av slamtømeordninga vil den totale prisen for abonnementane kunne gå ned.

Tøming av private tankar skal vere eit 0-spel. Dette medfører at det ikkje vil ha økonomiske konsekvensar for Herøy kommune å overføre organiseringa og gjennomføring av slamtømeordninga til SSR. Ei eventuell tilbakeføring til kommunane vil medføre at kvar einskild kommune må stå for alle prosessane sjølv, og vil også kunne risikere å operere med ulike regelverk og lokale forskrifter, som ikkje er heldig. SSR og kommunane har tidlegare vore igjennom ein liknande prosess, der innkrevjing og abonnementsregister for avfall vart overført til SSR frå kommunane. Det er renovasjonsordninga som vi kjenner i dag. Tidlegare hadde SSR innsamling, medan kommunane delte ut sekkar, ajourførte abonnementsregister og stod for fakturering til abonnementane. Alt dette vert no gjort i SSR-regi.

VØR og ÅRIM har i dag fått delegert alt arbeid i samband med tøming av private tankar.

Vurderingar og konklusjon:

Frå administrasjonen si side vil ein spesielt peike på det som står skrive under punktet «Tilbakemelding frå kommuneadministrasjonane» i saksutgreiinga til SSR. Det er viktig at dette vert følt opp og kjem på plass før ei evt. overføring av ansvaret for ordninga vert overført til SSR. Dette vil m.a. vere viktig for at kommunen skal kunne følgje opp ansvaret for at alle eigedomar skal ha ei godkjent avlaupsløysing.

I framlegget til forskrift har ein ikkje teke føre seg korleis kommunane skal løyse og finansiere kontrolltiltak som skal sikre at forurensingsforskrifta sine kapittel 11 – 16 eller vedtak heimla i desse forskriftene vert følt. Ein ser det som vanskeleg å ha eit eige gebyr i tillegg til slamgebyret. Kostnaden med ei kontrollordning (gjerne interkommunal) bør etter administrasjonen sitt syn vere inkludert i slamgebyret.

Konsekvensar for folkehelse:

Ei teneleg og effektiv slamtømeordning er positivt for folkehelse og miljø.

Konsekvensar for beredskap:

Kortare tenesteline ved eventuelle akutte tilstoppingar.

Konsekvensar for drift:

Forventa rimelegare ordning for abonnentane.

Fosnavåg, 09.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

MØTEBOK

SAK NR R04/16

Møtedato: 09.03.2016

Sakshandsamar: Einar Heimdal

Sak R04/16 –

STATUS OG VIDARE FRAMDRIFT VEDR. SLAMTØMING

1. Bakgrunn og status:

Vi har hittil hatt ei ordning der kommunene har hatt noko ansvar, SSR har hatt noko ansvar og entreprenøren hatt ein del ansvar. Ei slik fordeling har vore forvirrende for alle partar – ikkje minst for abonnentane. Dette var no tanken å få ordna. Men det syner seg å ikkje vere så enkelt.

Tanken var at alle eigarkommunane skulle vedta den nye slamforskrifta. Den inneber at SSR overtar ansvaret (inkl. anbod, tøming, fakturering / innkreving, dataregistrering / datasystemet, kunde- / klagebehandling og sjølvkostfondet på området) for alle private tankar f.o.m. 1. januar 2017. Men i anbodssamanheng vil truleg SSR legge ut det same som før (privattankar, kommunale anlegg og silgods / silslam frå reinseanlegga).

Representantskapsvedtaket 12/5-15 er følgande: «Dersom ei eller fleire av eigarkommunane ikkje er einige i forskrifta eller er ueinige i at dagens slamordning blir vesentleg endra, vil ein då subsidiært tilbakeføre ansvaret for slamtøming til desse kommunane – gjeldande frå 1. januar 2017.»

Kommunestatusen er følgande:

- Ulstein: Vedtatt.
- Hareid: Saka utsett. Føresetnad i saksutgreiinga om at alle kommunane i SSR-området blir med på ordninga. Ikkje føresetnad i forslaget til vedtak.
- Sande: Ordnar slamtøminga på eiga hand. Er då ute av slamsamarbeidet.
- Herøy: Saka er i skrivande stund ikkje ferdig utgreidd i Herøy.

Dette skaper ein uavklart og vanskelig situasjon på grunn av tidsfaktoren.

Etter at forskriftera er vedtatt i dei respektive kommunestyra vil det bli drøftingar og inngått overførings- og ansvarsfordelingsavtaler med kvar enkelt kommune. Desse avtalene kan drøftast og inngåast administrativt (med utgangspunkt i vedtatt forskrift). Ved vesentleg ueinigheit om innhaldet i avtalene, vil saka kome tilbake til styrande organ for ny handsaming der.

2. Framdrift:

Den kanskje viktigaste faktoren no er tidsfaktoren. Slamtøminga må ut på anbod før eller rett over påska 2016, dersom vi skal ha rimeleg tid til å få på plass ny entreprenør før noverande avtale går ut 31.12.2016. Det tilseier at ny avtale bør vere signert seinast i juni 2016 – helst før.

Vi har også fått relativt tydelege signal på at prisen kjem til å gå opp i neste periode. Vi har i inneverande periode fått levert tenester til ganske lave prisar. Dette p.g.a. konkurransesituasjonen i forrige anbodsrounde. Nytt er det også at noverande entreprenør har fått stengt rankekompsteringsanlegget sitt i Hjelmelandsdalen (Eid kommune), og dette vil truleg fordyre tenesten p.g.a. at alt – slik det ser ut per i dag – må leverast til deponering i Vestnes kommune.

Per i dag er det i realiteten berre ein muleg leverandør av slømtømingstenesten. Men vi kan kanskje få på bana ein eller to aktørar til dersom vi utvidar kontraktstida.

Det må i denne diskusjonen sjølv sagt også nemnast at både noverande og tidlegare entreprenør på slamtøming har utført arbeidet på ein god måte, og at det ikkje er det denne saka handlar om.

3. Alternative løysingar:

Ein ser no klare trendar i EU-land som Storbritannia, Tyskland, Frankrike, etc., at offentlege tenester som har vore konkurranseutsette blir tatt inn igjen og utført i eigenregi eller ved tildeling av einerett. Dette p.g.a. at konkurransen har ført til private monopol- eller duopolliknande situasjonar innanfor mange offentlege ansvarsområder. Det igjen har ført til at prisane går opp fortare enn det som er naturleg, store private overskot kjem ikkje kundane til gode, fleksibiliteten forsvinn, og sist, men ikkje minst, det skjer lite utvikling – ikkje minst innan miljøområdet. I tillegg blir det politiske og administrative handlingsrommet sterkt avgrensa. Ein får ikkje reell politisk / offentleg styring over utviklinga og sterke private aktørar vil dominere. Det blir også utfordrande å nå oppsette miljømål, og til sjuande og sist er det truleg sluttbrukarane / abonnentane som vil merke dette mest – både i praksis og også reint økonomisk.

Ein måte å møte framtidas utfordringar med slamtøming på, der statlege krav og kundane sine krav til service blir stadig større, kan vere å etablere sitt eige «slamselskap». Dette kan vere eit selskap som i eigenregi spesialiserer seg og tar seg av slamtøminga i regionen (både for private og offentlege anlegg), inkl. handteringa av det som kjem inn + at selskapet kan ta ansvaret for kontrollen med slamanlegg. Begge områda er innanfor sjølvkostområdet (med to forskjellige bundne driftsfond) og eventuelle overskot vil kome abonnentane til gode. Selskapet kan organiserast som eit heilt sjølvstendig selskap heileigd av kommunane, eller det kan bli eit aksjeselskap som er heileigd av SSR. Begge deler sikrar full offentleg kontroll over både utvikling og økonomi i selskapet. Men eit heileigd SSR-selskap vil ha ein lettare start, sidan SSR allereie har ein god del viktig kompetanse i selskapet.

Det er vanskeleg å kome med ei god og presis tilråding ut i frå den faktiske situasjonen. Styret meiner at det primært bør velgast ei løysing der alle kommunar har same løysing.

- SSR utfører arbeidet for alle kommunane. SSR kan utføre slamtøming for 3 av kommunane. Men styret meiner at kost/nytte tilseier at hvis det er kun 2 kommuner som ønskjer ei slik løysing, er det beste at alle kommunane utfører arbeidet sjølve. SSR kan ikkje forsvare å halde fram med dette arbeidet når såpass mange av abonnentane forsvinn. Dette med bakgrunn i økonomi, ressursbruk og kompetanseoppbygging.
- Kommunane tar sjølve ansvaret for slamtøminga.

Uansett utfall kan Ulstein og Hareid halde fram bruken av påsleppspunktet for rejectvatn på Eidet.

Det er vanskeleg å gi ei tilråding, men styret kan føreslå tilrådinga nedanfor:

Styret si tilråding til vedtak:

- a) Representantskapet oppfordrar Herøy og Hareid til å vedta den nye slamforskrifta, slik at slamtøminga kan sendast ut på anbod snarast muleg.
- b) Dersom Herøy og / eller Hareid vedtar noko liknande som Sande, blir heile slamtømingskomplekset, inkl. anbodsarbeidet, sendt tilbake til alle eigarkommunane.
- c) Under føresetnad av at Herøy og Hareid vedtar den nye slamforskrifta innan kort tid, legg ein ut på anbod slamtøminga med ei avtalelengd på 2 år + einsidige opsjonar på 1 og 1 år etter det.
- d) I løpet av 2016 skal SSR lage ei utgreiing m.t.p. å etablere eit eige selskap som i eigenregi tar seg av slamtøminga og kontrollen med slamanlegg i regionen. Representantskapet får opp at denne saka på møtet i november 2016.

Fra: Einar Heimdal [mailto:einar@reinhaldsverket.no]

Sendt: 1. april 2016 10:05

Til: Jarl Martin Møller; Jon Rune Våge; Fred Arnesen; Harald Øvereng; Arne Runar Vik; Nils Yngve Nupen; Lars Hustad; Øyvind Vassbotn; Oddbjørn Indregård; Kjell Martin Vikene

Kopi: Olaus-Jon Kopperstad; Arnulf Goksøy; Arkiv Herøy; postmottak; Einar Vik Arset; Knut Erik Engh; Knut Erik Engh (knutengh@hotmail.com); Ulstein Postmottak; Bent Arild Grytten; Anders Riise; Kjetil Nesset; Postmottak Hareid; Asle Giske; Dag Vaagen; Sande Kommune; Arkiv Sande kommune (arkiv@sande-mr.kommune.no); George Fulford (fulford@fpadvokat.no) ; Jostein Husøy; Jostein Støylen (jostein@vkus.no)

Emne: SSR - Justert slamforskrift

Hei !

Det har vore litt fram og tilbake rundt organiseringa av slamtøminga i området vårt. Difor hadde SSR sitt representantskap oppe igjen saka på møtet sitt 9/3-2016. Vedtaket vart følgande:

«SAK NR R04/16
STATUS OG VIDARE FRAMDRIFT VEDR. SLAMTØMING

Vedtak, samr.:

- 1) Representantskapet ber styret gjennomgå og endre § 5 i forslaget til slamforskrift, og endre denne til lokale tilhøve. Deretter må det nye forslaget sendast så snart som muleg til kommunane for ny behandling der.
- 2) Under føresetnad av at 3 av dei 4 eigarkommunane vedtar slamforskrifta innan kort tid, legg SSR slamtøminga ut på anbod igjen i regi av SSR.»

For å kunne køyre ein forsvarleg anbodsprosess, hastar det med å få endringa / slamforskrifta vedtatt i dei respektive kommunestyra. Justert forskrift er vedlagt denne e-posten.

Eventuelle spørsmål kan rettast til SSR.

Ha ei flott helg!

Mvh
Einar Heimdal
SSR

Forskrift for slamhandtering i Sande, Herøy, Ulstein og Hareid

Dato:	
Publisert:	
Gjeld fra:	
Gjeld for:	Sande kommune, Herøy kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune (SSR-regionen)
Heimel:	LOV-1981-03-13-6 - §26, §27, §30, §31, §33, §34, §79, §83, §85

Kapitteloversikt:

DEL 1. Innleiande reglar

DEL 2 Generelle reglar om slam

DEL 3 Avsluttande reglar og gebyr

Del 1. Innleiande reglar

§1. (formål)

Forskrifta har som formål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg töming av alle private slamavskiljarar, fellesanlegg og tette anlegg i kommunane. Forskrifta har vidare som siktemål ei likebehandling av abonnentane i dei kommunane som er medeigarar i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR). Forskrifta regulerer korleis SSR på vegne av medlemskommunane skal oppfylle krava til handtering av slam etter forureiningslova.

§2. (virkeområde)

Forskrifta omfatter handtering av slam frå private slamavskiljarar, fellesanlegg og tette tankar i eigarkommunane. Fettutskiljarar, oljeutskiljarar, ute-do og bio-do eller liknande, blir ikkje omfatta av denne forskrifta.

§3. (definisjonar)

Abonnent: Eigar eller festar av eigedom med slamanlegg, eller brukar av private fellesanlegg, som er omfatta av slamordninga.

Slam: Ved töming av slamanlegg blir innhaldet sugd opp og separert. Det faste stoffet blir kalla slam, medan den flytande delen blir kalla rejektvatn.

Slamanlegg: Private oppsamlings- eller behandlingsanlegg og fellesanlegg for sanitært avløpsvatn som produserer slam. T.d. slamavskiljar, tett tank, minireseanlegg, fellestankar, etc. eller ein kombinasjon av dette. Kommunale fellestankar og reinseanlegg som produserer silslam er ikkje omfatta av denne forskrifta.

Del 2. Generelle reglar om slam

§4 (töming av slamanlegg)

SSR (entreprenør utførar) skal sørge for töming av slamanlegg som er omfatta av denne forskrifta.

Slamanlegget skal tömast fullstendig. Ordninga skal utførast ved hjelp av ei mobil slamavvatningseining, eventuelt slamsugebil eller slamsugeutstyr for traktor. Töminga forutset at rejektvatn blir tilbakeført til slamavskiljarar og fjerna frå tette anlegg.

§5 (anleggets utforming, adkomst og vegstandard)

Abonnenten skal sørge for fri adkomst til slamanlegget ved tøming. Eventuelle låseanordningar og avstengningar etc. av slamanlegget skal avtalast med og godkjennast av kommunen. Slamanlegget skal plasserast så nær veg som mogleg. Veg til slamanlegget må uansett årstid vere av ein slik standard at den gir tilfredstillande framkomst og har eventuell snuplass for avvatningsbilen. Når tømeruter blir sett opp, skal det takast mest mogleg omsyn til årstid for å sikre at tilgangen til anlegget er best mogleg. Utover dette har ikkje SSR eller den som tømer ansvar for skade på privat veg og plass inkludert plen/heller, osb., med mindre det kan påvisast skjødesløyse. Slamanlegget vert tømd sjølv om krav til vegstandard ikkje er tilfredstillande. Dette kan medføre ein ekstra kostnad for abonnenten.

§6 (tømefrekvens)

Varsel om tøming vil vert gitt skriftleg og i rimelig tid. I framtida kan dette skje elektronisk, men ein vil då kunne reservere seg mot dette og fortsatt få det skriftleg.

Tømefrekvensen for slamanlegg skal være i henhold til gjeldande forskrift.

Slamavskilarar skal tømast minst:

- kvart 2. år dersom det gjeld fast busetnad.
- kvart 4. år dersom dersom det gjeld fritidsbustad.

Tette tankar skal i utgangspunktet tømast minst ein gong pr. år, dersom ikkje andre tilhøve tilseier ein annan tømefrekvens ut i frå SSR eller kommunen sine vurderingar.

Øvrige slamanlegg, kommunale eller private fellesanlegg skal tømast i samsvar med belastning / storleik eller når SSR eller kommunen vurderer at tøming må utførast.

§7 (plikter og rettar til kommunen, SSR og entreprenøren som utfører tøminga)

Kommunen kan gi pålegg om type og plassering av slamanlegg. Kommunen kan også pålegge eigalar av eldre slamanlegg å gjennomføre tiltak for å oppfylle krava i denne forskrifa.

Den som utfører tøminga har rett til å plassere nødvendig utstyr på eideomen for å få utført tøminga.

Arbeidet skal imidlertid utførast slik at ikkje unødig skade på veg eller eideom oppstår. Eventuelle krav om erstatning for skader eller ulepper med tøminga må rettast direkte til entreprenør.

Slamanlegget, grinder og porter skal etter tøming forlatast forsvarleg og lukka.

Ordinær tøming og transport skal utførast innafor tidsrommet kl. 0600-2300 mandag til fredag unntatt høgtidsdager. Unntaksvis kan tøming skje på laurdager innafor tidsrommet kl. 0600-1800.

Når tøming er utført skal abonnenten få overlevert ei erklæring i postkasse eller festa til inngongsdøra om at tøming er utført. Dette kan i framtida også bli elektronisk.

Entreprenør skal sjekke feil og mangler på slamavskilarane og rapportere dette til SSR. SSR plikter å informere abonnenten og kommunen om feil og mangler som må rettast opp i. Kommunen kan gi abonnenten pålegg om utbetring. Volum og mengde i større, tette tankar skal dokumenterast og rapporterast av entreprenør til SSR. SSR rapporterer dette vidare til kommunen.

§8 (abonnentens plikter)

- Abonnenten skal sørge for at anlegg som skal tømast er lett til tilgjengeleg for tøming.
- Lokk skal være køyresikre når dei kan verte utsatt for overkjøring.
- Snø, is, jord osv. over kumlokk o.l. må fjernast av abonnenten før tøming blir utført. Dersom ikkje dette er gjort må anlegget tømast utanfor tømeplan. Abonnenten vil då få eit tilleggsgebyr. Abonnenten kan ikkje påleggast å tine opp grunnen for at slamtøminga skal kunne gjennomførast. Slamtøminga vil i slike tilfelle verte utført på oppsamlingsrunder utan ekstra kostnad for abonnenten.
- Kumlok må merkast med pinne/stikk for at det skal være lett å finne.

Nekting av tøming / fullstendig tøming av slamanlegget og nekting av tilbakeføring av rejektvatn til slamavskilarar vil medføre tilleggsgebyr.

Del 3. Avsluttande reglar og gebyr

§9 (gebyr angåande slam)

Alle eigalar og brukarar av slamavskilarar / oppsamlingstankar / fellestankar som ordninga omfattar, skal betale årleg gebyr for tøming til SSR. Kommunestyra fastset storleiken på gebyret etter innstilling frå SSR.

§10 (innkreving, renter m.v.)

Gebyr for slamtøming med renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelovas § 6-1. Renteplikt ved for sein betaling og inndriving av gebyret er regulert i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarande.

§ 11 (fritak)

Etter skriftleg søknad sendt til SSR kan fritak vurderast i følgjande tilfelle:

- Heilårsbustad ubebodd i over eitt år.
- Eigedom som står til forfall og er ubeboleg. Eigenerklæring må sendast til SSR.

§ 11 (klage)

Klager i forbindelse med slamordninga blir behandla av SSR sin administrasjon. Formannskapa i gjeldande kommune er ankeinstans.

§ 13 (brot på denne forskrifta)

Brot på denne forskrifta kan straffast med bot etter forureiningslova.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asle Giske Arkivsaknr: 2015/1180-279/2016
Arkiv: M42

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/16	Formannskapet	19.01.2016
11/16	Formannskapet	26.01.2016
10/16	Kommunestyret	26.01.2016

Saka gjeld: **FRAMLEGG OM ENDRING AV SLAMBILFORSKRIFT FOR SANDE KOMMUNE**

Tilråding:

1. SSR IKS si rolle som kontraktspart i høve til underleverandør av «slambil» vert å avvikle, og i staden overført til Sande kommune
2. SSR IKS si rolle i å gjennomføre anbod på vegne av Sande kommune i høve til «slambilmarknaden» vert å vidareføre.
3. Viss punkt 2 ikkje vil kunne aksepterast av SSR IKS ,etter nærmare avtale, vert høve kring punkt 2 også å føre attende til Sande kommune.

Særutskrift:

Vedlegg:

1. Framlegg til forskrift for slamhandtering i Sande, Herøy, Ulstein og Hareid
2. Kopi av møtebok for SSR IKS, sakn R10/15
3. Kopi av budsjett 2016 vedkomande slamtømming for SSR IKS

Samandrag av saka:**Saksopplysningar:****Kvifor saka har kome på dagsorden:**

Sande kommune har fått seg førelagt sak frå SSR IKS om endring av den kommunale slamforskrifta. Forslaget inneber at alle arbeidsoppgåver knytt til innsamling av slam skal overførast til SSR IKS. Alternativt viss kommunen ikkje vedtek slik endring i forskrift ønskjer SSR IKS å avvikle sitt engasjement i høve til slam på vegne av Sande kommune.

SSR IKS si grunngjeving for å sette saka på dagsorden er denne:

«Per i dag har vi ei slamordning der kommunane har noko ansvar, SSR har noko ansvar og entreprenøren har ein del ansvar. SSR blir ofte sittande i ei mellomrolle som er uklar både for selskapet, for kommunane og ikke minst for abonnementane / kundane. I tillegg legg den monetære flyten til tider press på SSR sin likviditet.»

Og der SSR IKS sjølv peikar på alternative val for noko som vert oppfatta som uklarheiter i roller:

«Alternativa er enkle, i alle fall ut i frå SSR sitt syn. Dagens situasjon er lite tilfredsstillande, så endringa må skje ein av vegane – anten får SSR eit mykje større ansvar (som hos VØR og ÅRIM) eller så bør heile ansvaret tilbakeførast til kommunane.»

Representantskapet i SSR IKS handsama saka i møte under sak nr R10/15. Der representantskapet har sagt seg einige i prinsippet om at SSR IKS tek over eit større ansvar for slamtømminga, og får kontroll over heile verdikjeda rundt tømming av private slamavskiljarar og tette tankar.

Kommunens ansvar som tenesteytar og tilsynsmyndigkeit:

Vass- og avløpstjenester, her under slam, er pliktige kommunal oppgåver.

Der slamtenesta kan delast i to tenestområder:

- Innsamling av slam
- Tilsynsmyndigkeit på slamområdet

Kommunen sine plikter som forureiningsmyndigkeit innafor slam- og avløp er regulert i forureiningslova.

Slamtenesta ligg under det kommunal sjølvkostområdet. Det vil seie at det er brukar/kunde som vert belasta alle kostnader med disse tenestene.

Gjeldande verdikjedorganisering i høve til slamtenester i Sande kommune

I 2010 inngjekk Sande kommune (i likhet med Herøy, Ulstein og Hareid kommunar) avtale med SSR IKS om at SSR IKS skulle stå for følgjande:


- Tilrettelegging og gjennomføring av anbodsprosessar i høve til «slamsugbil»
- Vere kontraktspart overfor valt entrepenør/slamsugbil

Per i dag er det Miljøservice AS som er valt entrepenør. Denne avtalen går ut 31.12.2016. Innen den tid må ny anbodsrunde gjennomførast.

SSR IKS har vore forespurt om kva som er gjeldande avtale og praksis mellom SSR IKS, Miljøservice AS og Sande kommune. Der svaret frå daglig leiar i e-post av 15. januar var slik:

«SSR sine leveransar til og på vegne av eigarkommunane er regulert gjennom selskapsavtale, forskrift og eigarstrategi når det gjeld renovasjon. For slam er dette litt meir lausleg, men vi forsøker no å få dette i meir ordna former gjennom ei eiga forskrift for slamtøminga. Etter at den blir vedtatt, må det lagast meir detaljerte avtaler med kvar kommune (på administrativt nivå)»

Figur 1:



Figur 1 gir ei skjematiske oversikt over gjeldande organisering av verdikjeden i høve til slam.

Det må skiljast mellom måten tømming av slam og tilsyn av slam er innretta på, og der dette må vurderast ut frå Sande kommune sin posisjon som lovpålagt tenesteytar på området.

I høve til slamtømming så er Miljøservice AS underleverandør til SSR IKS, og der SSR IKS er Sande kommune sin (hovud)leverandør. Sande kommune er tenesteytar til sluttkunde.

I høve til fakturering/kontantstraum mottek Sande kommune samlefaktura frå SSR IKS omlag kvartalsvis.

I fakturaen frå SSR IKS er det gjort ei påslag/tatt høgde for SSR IKS sine eigne administrasjonskostnader med ordninga. For 2016 er disse budsjettet med 607.000.-, 421.000.- til lønn, 5.000.- til avskrivningar og 181.000.- til andre driftskostnader. Det kan sjå ut til at SSR IKS har avsett om lag ei stilling til administrativt arbeid knytt til slam.

I den grad dette skal vere ein optimaliserande måte i innrette seg på vil kome an på om ein sparer kostnader i andre ledd i verdikjeda. Anten ved at eigne kostnader i kommunen vert redusert eller at SSR IKS er i stand til å oppnå betre prisar med underleverandør enn det kommunen sjølv ville vore i stand til å oppnå.

Gitt at summen av kostnader i verdikjeda vert minimalisert ved å organisere seg slik som beskrive, så er det vanskelig å forstå at denne måten å organisere seg på skal verte oppfatta som uklar.

Sande kommune igjen på si side fakturerer kunden for utført tjeneste.

I høve til tilsyn så nytter ikkje kommunen seg av underleverandørar/leverandørar.

Vurdering og konklusjon:

Vurdering i det følgjande vert gjort ut frå dei tre handlingsalternativa som er synt i tabell 2.

Tabell 2:

Vurdering av Sande kommune og kunden si nytte ved val av alternativ:	SSR tek over alle oppgåver vedk slam	Eigenregi Sande kommune men SSR står for anbuds- konkuransen	Sande kommune tek over alle oppgåver vedk slam
Innverknad på kjernekompesansen			
Innverknad på komplementær kompetanse			
Produksjonskostnader			
transaksjonskostnader			
verdi for kunde			
SUM SCORE			

Innverknad på kjernekompesansen

Slam er ei lovpålagt oppgåve for kommunen og som krev at kommunen sjølv har kompetanse på området. Ved ei tenesteutsetting som foreslått av SSR IKS vil kommunen sjølv over tid tape kompetanse på området. Innsikt og kunnskap vert overført til tredjepart, og som etter kvart vil bli den sterke part i høvet mellom kommunen som lovpålagt tenesteytar og SSR IKS som leverandør til kommunen.

I si saksutgreiing argumenterer SSR IKS for at «*det er kanskje lettare for SSR å spesialisere seg og prioritere slamtømminga enn det er for kommunane – som har mange oppgåver som, med knappe midlar, må prioriterast*»

Det er mogleg det, at det vil kunne vere lettare for SSR IKS å spesialisere seg. Tilsvarande argument vert også nytta av andre aktørar i høve til andre kommunale tenesteområde.

Men kommunen må sjølv på eige grunnlag vurdere om det er ønskelig at kompetanse og spesialisering, og med dette langsigktig utvikling av kommunen skal overførast til tredjepart.

Isolert sett vil det vere negativt for ein kvar organisasjon på eit kvart område å gi seg inn på slik overføring av kompetanse.

Innverknad på komplementær kompetanse:

Slam må sjåast på som ein del av tenesteområdet avløp, og delvis som ein del av tenesteområdet vatn, i dagligtale omtalt som «VA-området». Disse områda heng i det daglige såpass tett i hop at viss ein går inn for å tenesteutsette slam så bør ein også vurdere å gjere det same i høve til heile VA-området. Det er ein og same person på teknisk etat i Sande kommune som styrer med dette, fordi områda heng tett i hop.

Eit tenesteutsetting av slam vil soleis ha negativ effekt på kommunen sin komplementære kompetanse.

Produksjonskostnader

Produksjonskostnader i denne saka er i alle hovudsak knytt til «bruk av slambil». Som forklart over så er det SSR IKS som så langt på vegne av kommunane har stått for anbodsinnhenting og kontraktsinngåing.

Sjølv om SSR IKS ikkje sjølve peikar på alternativet, må det vere mogleg for SSR IKS i framtida å inkludere Sande kommune i anbodskonkurransen, sjølv om den som skulle vinne anbodet gjer direkte avtale med Sande kommune.

Her er bør altså ikkje vere noko ting i vegen for at Sande kommune vil kunne vere i stand til å oppnå like gode produksjonskostnader som ein hittil har gjort.

Transaksjonskostnader:

Transaksjonskostnader gjeld administrative kostnader for å følgje opp leverandørane. Sande kommune vil kunne, utan å måtte auke eiga bemanning ta tilbake dei oppgåvane som SSR IKS har utført for Sande kommune når det gjeld slam. På det viset vil ein kunne spare seg dei ekstra transaksjonskostnader som ligg i det å skulle ha SSR IKT som eit mellomledd mellom Miljøservice AS og kommunen.

Det å skulle ta attende slam frå SSR IKS vil heller ikke påføre administrasjonen i kommunen (økonomi, rekneskap mv) nokon merkbar meirbelastning.

Verdiskaping for kunde:

Som angitt over, så er det mykje som taler for at viss samarbeidet med SSR IKS i høve til slam vert heilt eller delvis avvikla, så vil ein samla sett spare seg kostnader. I tillegg vil også ansvarslinjene bli tydeligare, og dei uklarheita og forvirringa hos kundane som SSR IKS påpeiker, vil ikkje lenger vere eit tema.

Sett frå kommunen si side så vil ein også ha betre moglegheit for å samordne med slaminnhenting med tilsyn av slam.

Tabell 3:

Vurdering av Sande kommune og kunden si nytte ved val av alternativ:	SSR tek over alle oppgåver vedk slam	Eigenregi Sande kommune men SSR står for anbuds-konkuransen	Sande kommune tek over alle oppgåver vedk slam
Innverknad på kjernekompesansen	-1	1	1
Innverknad på komplementær kompetanse	-1	1	1
Produksjonskostnader	1	1	-1
transaksjonskostnader	-1	1	1
verdi for kunde	-1	1	0
SUM SCORE	-3	5	2

Tabell 3 er den same som tabell 2, og der det er sett inn «score» i høve til drøftinga over. Scoren -1 betyr at det slår negativt ut, 0 betyr at det eine er likså godt som det andre, og +1 betyr at det slår positivt ut.

Som tabellen syner, den truleg beste løysinga per i dag, er at SSR IKS held fram med å skulle utlyse og gjennomføre felles anbod for kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Men der sjølve kontraktshøvet vert mellom «leverandøren av slambiltjenestene» og kommunane sjølve. Ved denne løysinga beheld kommunane sjølve kritisk og komplementær kompetanse, og der produksjonskostnader og transaksjonskostnader truleg kan minimerast sett i høve til dei to andre løysingane.

Den løysinga som kjem nest best ut vil vere om kommunen også tek over anbodsdelan.

Løysinga som kjem dårligast ut er om alle oppgåver vert overført til SSR IKS.

Det er til dette grunn å merke at saka ein har motteke fra SSR IKS vert oppfatta som svakt grunngitt. Ein ber kommunen om å gjere ei strategisk avgjersle, og som manglar naudsynt truverdig og overtalande argumentasjon for å gjennomføre ei slik strategisk avgjersle. Og der eigen «ad hoc» vurdering av dette gir grunnlag for å stille spørsmål ved om ei fullstendig overføring av slam til SSR IKS er farbar veg å gå. Særlig viss ein ser dette i høve til heile VA-området i si heilheit.

Viss Sande kommune skal gjere ei slik strategisk avgjersle, så trengs det ein meir fullstendig prosess og saksutgreiing enn det som det er synt til i denne saka.

Rådmannen vil difor foreslå i denne omgang at SSR IKS sine oppgåver i høve til slam vert å tilbakeføre til Sande kommune. Men at Sande kommune også i framtida får ta del i den anbodskonkuransen som no må gjerast i løpet av 2016. Viss dette ikkje er akseptabelt for SSR IKS, etter nærmare avtale, vert denne oppgåva også å tilbakeføre til Sande kommune.

Som ei avsluttande linje i saka ønskjer rådmannen å kome med ein invitasjon: Der SSR IKS er invitert til, om dei ønskjer, å presentere for politisk og administrativ leiring i Sande kommune, kva som er SSR IKS sin strategi både i høve til slam og eventuelt andre tenesteområder. Slik at ein på det viset gjennom dialog betre kan utvikle strategiar i fellesskap, til beste for innbyggjarane og brukarane i Sande kommune.

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Larsnes, 19.01.2016

Asle Giske
rådmann

Forskrift for slamhandtering i Sande, Herøy, Ulstein og Hareid

Dato:	
Publisert:	
Gjeld frå:	
Gjeld for:	Sande kommune, Herøy kommune, Hareid kommune og Ulstein kommune (SSR-regionen)
Heimel:	LOV-1981-03-13-6-§26,§27,§30,§31,§33,§34,§79,§83,§85

Kapitteloversikt:

DEL 1. Innleiande reglar

DEL 2 Generelle reglar om slam

DEL 3 Avsluttande reglar og gebyr

Del 1. Innleiande reglar

§1. (formål)

Forskrifta har som formål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg töming av alle private slamavskiljarar, fellesanlegg og tette anlegg i kommunane. Forskrifta har vidare som siktemål ei likebehandling av abonnentane i dei kommunane som er medeigarar i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR). Forskrifta regulerer korleis SSR på vegne av medlemskommunane skal oppfylle krava til handtering av slam etter forureiningslova.

§2. (virkeområde)

Forskrifta omfatter handtering av slam frå private slamavskiljarar, fellesanlegg og tette tanker i eigarkommunane. Fettutskiljarar, oljeutskiljarar, ute-do og bio-do eller liknande, blir ikkje omfatta av denne forskrifta.

§3. (definisjonar)

Abonent: Eigar eller festar av eigedom med slamanlegg, eller brukar av fellesanlegg, som er omfatta av slamordninga.

Slam: Ved töming av slamanlegg blir innhaldet sugd opp og separert. Det faste stoffet blir kalla slam, medan den flytande delen blir kalla rejektvatn.

Slamanlegg: Private oppsamlings- eller behandlingsanlegg og fellesanlegg for sanitært avløpsvatn som produserer slam. T.d. slamavskiljar, tett tank, minirenseanlegg, fellestankar, etc. eller ein kombinasjon av dette. Kommunale tankar og anlegg som produserer silslam er ikkje omfatta av denne forskrifta.

Del 2. Generelle reglar om slam

§4 (töming av slamanlegg)

SSR (entreprenør utfører) skal sørge for töming av slamanlegg som er omfatta av denne forskrifta.

Slamanlegget skal tömast fullstendig. Ordninga skal utførast ved hjelp av ei mobil slamavvatningseinining, eventuelt slamsugebil eller slamsugeutstyr for traktor. Töminga forutset at rejektvatn blir tilbakeført i slamanlegget.

§5 (anleggets utforming, adkomst og vegstandard)

Abonnenten skal sørge for fri adkomst til slamanlegget ved tøming. Eventuelle låseanordninger og avstengningar etc. av slamanlegget skal avtala med og godkjennast av kommunen. Slamanlegget skal plasserast så nær veg som mogleg. Avstand fra oppstillingsplass for bilen til slamanegget (kumlokk) bør ikke overstige 15 meter. Oppstillingsplassen skal være slik at bilen står tilnærma horisontalt under tøming. Høgdeforskjell mellom botn slamanlegg og oppstillingsplass bør ikke overstige 5 meter. Veg til slamanlegget må være slik at den gir tilfredstillande framkomst for avvatningsbilen.

Privat adkomstveg skal:

- Ha tilstrekkelig snuplass.
- Tåle akseltrykk tilsvarende nærmeste offentlige veg eller samleveg med blanda adkomst- og transportfunksjon.
- Ha fast underlag med minst 10 cm grusdekke og tilnærma horisontal tverrprofil.
- Ha standard minimum tilsvarende adkomstveg i henhold til Vegvesenets vognorm (køyrebane på minimum 3 meter pluss 0,5 meter skulder på kvar side. Dvs. samla veggredde 4 meter).
- Være fri for vegetasjon og andre hindringar i veggredda opp til 4 meters høgde.

Av omsyn til tryggleiken kan rygging over 50 meter ikke aksepteras.

Dersom tøming skal foregå i perioder med is og snø må privat adkomstveg være tilstrekkelig måka, sandstrødd, og uten fare for takras o.l.

Det skal takast mest mogleg omsyn til årstid slik at tilgangen til anlegget er best mogleg. Utover dette har ikke SSR eller den som tømer ansvar for skade på privat veg og plass inkludert plen/heller osv. med mindre det kan påvisast skjødesløyse.

Slamanlegget vert tømd sjølv om krav til vegstandard ikke er tilfredstillande. Dette kan medføre ein betydelig ekstra kostnad for abonnenten.

§6 (tømefrekvens)

Varsel om tøming vil vert gitt skriftleg og i rimelig tid. I framtida kan dette skje elektronisk, men ein vil då kunne reservere seg mot dette og fortsatt få det skriftleg.

Tømefrekvensen for slamanlegg skal være i henhold til gjeldande forskrift.

Slamavskiljarar skal tømast minst:

- kvart 2. år dersom fast busetnad.
- kvart 4. år dersom dersom det gjeld fritidsbustad.

Tette tanker skal tømast minst ein gong pr. år

Øvrige slamanlegg, kommunale eller private fellesanlegg skal tømast i samsvar med utsleppsløyvet.

§7 (plikter og rettar til kommunen, SSR og entreprenøren som utfører tøminga)

Kommunen kan gi pålegg om type og plassering av slamanlegg. Kommunen kan også pålegge eigara av eldre slamanlegg å gjennomføre tiltak for å oppfylle krava i denne forskrifta.

Den som utfører tøminga har rett til å plassere nødvendig utstyr på eigedomen for å få utført tøminga.

Arbeidet skal imidlertid utførast slik at ikke unødig skade på veg eller eigedom oppstår. Eventuelle krav om erstatning for skader eller ulemper med tøminga må rettast direkte til entreprenør.

Slamanlegget, grinder og porter skal etter tøming forlata forsvarleg og lukka.

Ordinær tøming og transport skal utførast innafor tidsrommet kl. 0600-2300 mandag til fredag unntatt høgtidsdager. Unntaksvis kan tøming skje på laurdager innafor tidsrommet kl. 0600-1800.

Når tøming er utført skal abonnenten få overlevert ei erklæring i postkasse eller festa til inngongsdøra om at tøming er utført. Dette kan i framtida også bli elektronisk.

Entreprenør skal sjekke feil og mangler på slamavskiljarane og rapportere dette til SSR. SSR plikter å informere abonnenten og kommunen om feil og mangler som må rettast opp i. Kommunen kan gi abonnenten pålegg om utbetring.

§8 (abonnentens plikter)

- Abonnenten skal sørge for at anlegg som skal tømast er lett til tilgjengeleg for tøming.
- Lokk skal være køyresikre når dei kan verte utsatt for overkjøring.
- Snø, is, jord osv. over kumlokk o.l. må fjernast av abonnenten før tøming blir utført. Dersom ikke dette er gjort må anlegget tømast utanfor tømefplan. Abonnenten vil då få eit tilleggsgebyr.

- Abonnenten kan ikke påleggast å tine opp grunnen for at slamtøminga skal kunne gjennomførast. Slamtøminga vil i slike tilfelle verte utført på oppsamlingsrunder utan ekstra kostnad for abonnenten.
- Kumlok må merkast med pinne/stikk for at det skal være lett å finne.
- Nekting av tøming / fullstendig tøming av slamanlegget og nekting av tilbakeføring av rejektvatn vil medføre tilleggsgebyr.

Del 3. Avsluttande reglar og gebyr

§9 (gebyr angåande slam)

Alle eigarar og brukarar av slamavskiljarar / oppsamlingstankar / fellestankar som ordninga omfattar, skal betale årleg avgift for tøming til SSR. Kommunestyra fastset storleiken på avgifta etter innstilling frå SSR.

§10 (innkreving, renter m.v.)

Avgift for slamtøming med renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelovas § 6-1. Renteplikt ved for sein betaling og inndriving av gebyret er regulert i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarende.

§ 11 (fritak)

Etter skriftleg søknad sendt til SSR kan fritak innvilgast i følgande tilfelle:

- Hellårsbustad ubebodd i over eitt år.
- Eigedom som står til forfall og er ubeboeleg. Eigenerklæring må sendast til SSR.

§ 11 (klage)

Klager i forbindelse med slamordninga blir behandla av SSR sin administrasjon. Formannskapa i gjeldande kommune er ankeinstans.

§ 13 (brot på denne forskrifta)

Brot på denne forskrifta kan straffast med bot etter forureiningslova.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandler, innvalstelefon

Seniorrådgivar Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Vår dato
25.11.2015
Dykkar dato

Rādm. Leiargr.
Graf.
Vår ref.
2015/7016/FRJE/322
Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

HERØY COMMUNE	
RADMANNEN	
Teg nr	Saksbeh. <i>ole</i>
30.11.2015	
Ark kode P	
